



FYLKESMANNEN  
I ROGALAND

Dykkar ref.:

Vår dato: 16.05.2013

Vår ref.: 2013/2761

Arkivnr.: 433.6

Adresseliste

Postadresse:  
Postboks 59 Sentrum,  
4001 Stavanger

Besøksadresse:  
Lagårdsveien 44, Stavanger

---

T: 51 56 87 00

F: 51 52 03 00

E: [fmroast@fylkesmannen.no](mailto:fmroast@fylkesmannen.no)

---

[www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland)

## Tilskot til skjøtsel og tilpassa drift på økologisk funksjonsområde for svarthalespove

Vi syner mellom anna til informasjonsmøte om svarthalespove i Klepp 22. mars i år.

Forslaget om endring av forskrifta om svarthalespove som prioritert art har vore på høyring fram til 26. april, men Miljøverndepartementet har så langt ikkje vedteke endring av forskrifta. Vi har likevel fått ei ramme til disposisjon som kan nyttast til tilskot til tilpassa drift på eigedommar med økologisk funksjonsområde for svarthalespove i år. Vi har og nyleg fått avklaring på samanhengen mellom tilbod om tilskot og ”*vesentleg vanskeleggjering og tap*” slik det er skreve i forskrifta.

Vedlagt skriv gjev ein kort orientering om forvaltinga av svarthalespoven i år. Skrivet kan og nyttast som søknadsskjema for tilskot, eventuelt som søknadsskjema for dispensasjon frå forskrifta §4.

I denne omgong sender vi ut vedlegget til generell informasjon. Etter kvart som hekkeområda blir registrerte og vi får avgrensa dei økologiske funksjonsområda vil vi ta kontakt med aktuelle eigarar/brukarar. Saman med vedlegget vil eigar/brukar få kartfesta hekkeområde og kopi av forskrifta. Vi voner så mange som råd vil nytte høvet til å søke om tilskot. Svarthalespoven er ein truga art som treng særleg oppfølging for å overleva i jærlandskapet på lengre sikt.

Med helsing

Per Kristian Austbø  
ass. fylkesmiljøvern sjef

Anders T. Braa  
viltforvalter

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Saksbehandlar: Anders T. Braa  
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 14  
E-post: [fmroast@fylkesmannen.no](mailto:fmroast@fylkesmannen.no)

Vedlegg:

Informasjon om forvaltning av svarthalespove i 2013, inkludert søknad om tilskot og søknad om dispensasjon

Adresseliste:

Kjell Harald Horpestad, Nordsjøvegen 1033, 4343 Orre  
Frode Vatne, Nordsjøvegen 1051, 4343 Orre  
Bernt Øvregaard, Orrevegen 58, 4352 Kleppe  
Leon Egil Erga, Ergavegen 190, 4343 Orre  
Kjetil Orre, Nordsjøvegen 1080, 4343 Orre  
Trong Ingve Ellingsen, Orrevegen 700, 4343 Orre  
Martin og Solveig Skadsem, Nordsjøvegen 1024, 4343 Orre  
Lene Kristin S. Kvia, Nordsjøvegen 970, 4343 Orre  
Sigurd Orre, Ergavegen 223, 4343 Orre  
Bård Egil Erga, Brautvegen 520, 4343 Orre  
Helge og Stian Kyllingstad, Orrevegen 438/440, 4341 Bryne  
— Jon Tore Refve, Nordsjøvegen 570, 4352 Kleppe  
Jarlof Reve, Nordsjøvegen 594, 4352 Kleppe  
Thor Refve, Nordsjøvegen 520, 4352 Kleppe  
Trond Kristian Refve, Nordsjøvegen 502, 4352 Kleppe  
Kåre Hodne, Nordsjøvegen 432, 4352 Kleppe  
Magne G. Hodne, Nordsjøvegen 371, 4352 Kleppe  
Sigve Hodne, Nordsjøvegen 433, 4352 Kleppe  
Svein Hodne, Nordsjøvegen 370, 4352 Kleppe  
Thorleif Hodne, Nordsjøvegen 241, 4352 Kleppe  
Ingvar Langholm, Nordsjøvegen 402, 4352 Kleppe  
Jan Horpestad, Ergavegen 212, 4343 Orre  
Livar Reve, Nordsjøvegen 631, 4352 Kleppe  
Per Magne Reve, Nordsjøvegen 434, 4352 Kleppe  
Torger Reve, Nordsjøvegen 800, 4352 Kleppe  
Aud Lise Rosland, Nordsjøvegen 615, 4352 Kleppe  
Jan Scheie, Nordsjøvegen 640, 4352 Kleppe  
Kamilla Sele, Nordsjøvegen 391, 4352 Kleppe  
Rogaland bondelag, [rogaland@bondelaget.no](mailto:rogaland@bondelaget.no)

## **Søknad om tilskot for tilpassa drift for svarthalespove eller dispensasjon frå forskrift om prioritering av svarthalespove**

### *Bakgrunn*

Svarthalespove blei 20.05.2011 vedtatt som prioritert art etter kongeleg resolusjon med heimel i naturmangfaldlova §§23, 24 og 62. Føremålet er å ta vare på svarthalespove i samsvar med forvaltingsmålet for artar i naturmangfaldlova §5 første ledd. Svarthalespove er oppført som ”sterkt trua” i Norsk raudliste (Artsdatabanken, 2010). Fylkesmannen er mynde etter forskrifta.

Forskrifta §3 forbyr ein kvar form for uttak, skade eller øydelegging av svarthalespove, inkludert egg og reir. I praksis vil det mellom anna seie at det er forbode å køyre over reir og ungar når opphaldsstad er kjend innafor eit mindre område. Forstyrning og skremming er og omfatta av forbodet.

Forskrifta §4 reknar hekkeområda som arten sine ”økologiske funksjonsområde”. I hekkeområda skal det ikkje føregå anna aktivitet enn bruk som tar omsyn til svarthalespoven eller etter avtale med Fylkesmannen. Slått av hekkeområda før 15. juli er forbode, jf. forskrifta §4.

Miljøverndepartementet har hatt på høyring forslag om mindre endringar av forskrifta og ei ordning for tilskot til skjøtsel og tilpassa drift. Endringane er førebels ikkje vedtekne. Fylkesmannen legg likevel innhaldet i høyringsforslaget og avklaringar frå departementet til grunn for vår praksis i år:

- 1) Tilskot blir utbetalt til søkarar etter dei satsar som er foreslått i høyringsbrevet.
- 2) Fylkesmannen gjev ved eige vedtak generell dispensasjon til slått etter 4. juli, utan krav om søknad.
- 3) Dersom eigedommar med påvist hekking ikkje vil søke om tilskot, vil det normalt bli gitt dispensasjon frå forbodet mot slått før 5. juli etter konkret søknad om det.

### *Tilskot til tilpassa drift*

Brukarar med konstatert hekking på sine område vil bli informert om dette av oss. Samstundes vil dei få høve til å søke om tilskot til tilpassa drift i samsvar med satsar og vilkår i dette brevet. Søknad kan sendast ved utfylling og signering under.

Brukarar med konstatert hekking som ikkje vil søke om tilskot kan søke om dispensasjon frå forbodet mot slått før 5. juli. Søknad om dispensasjon sendast med kort grunngjeving og signatur under. Både søknad om tilskot og dispensasjon sendast til Fylkesmannen i Rogaland.

Fylkesmannen vil informere om endringar i hekkeforløp og eventuelle behov for å justera grensene for funksjonsområda så tidleg som råd, og elles stille seg til disposisjon for å diskutere praktiske løysingar om forvaltning av funksjonsområda.

Vi har engasjert personell som følgjer tett opp utviklinga i hekkeområda. Dersom status for hekking endrar seg, t.d. at hekkinga er mislykka eller at fuglane flytter, vil vi gje informasjon om dette og dispensasjon frå forskrifta.

Fylkesmannen utbetalar tilskot på kr 1650,- pr dekar fulldyrka mark som er omfatta av det økologiske funksjonsområdet og som ikkje kan slåast før etter 4. juli. Dersom det blir gitt dispensasjon til slått i perioden 10. – 30. juni blir tilskotet redusert til kr 1320,- pr dekar. I særskilte høve kan det bli aktuelt å utbetale større tilskot. I slike høve må det føreligge skriftleg dokumentasjon på at satsane for tilskot ikkje dekker tap og ulempekostnadar som kravet til tilpassa drift medfører. Tilskot etter faste satsar blir utbetalt til din konto i løpet av juli 2013 dersom vilkåra for utbetaling er oppfylte.

Eventuelle auka tilskotssatsar etter Miljøverndepartementet si slutthandsaming av høyringsforslaget vil bli etterbetalt på eit seinare tidspunkt.

### ***Søknad om tilskot til tilpassa drift***

Som grunnlag for utbetaling ber vi om at søknaden blir fylt ut, signert og returnert til oss (under). Fylkesmannen vil etter det returnere signert dokument til deg.

Avtalen gjeld utbetaling av tilskot til (navn) .....,  
(adresse)....., i Klepp kommune, som eig eller driv gnr/bnr .....  
Tilskotet blir utbetalt til konto nr: .....

Fylkesmannen i Rogaland har dokumentert hekking av ..... par svarthalespove på eigedom .....i år . Hekkeområdet er kartfesta og vedlagt dette dokumentet. For å sikre best mogleg vellukka hekking vil Fylkesmannen utbetale tilskot til tilpassa landbruksdrift i hekkeområdet. Landbruksdrifta skal vere i samsvar med vilkåra for tilskotet i hekkeområdet.

#### *Vilkår for utbetaling av tilskot*

- Hekkeområdet, tilsvarande økologisk funksjonsområde, skal ikkje beitast eller slåast før etter 4. juli.
- Ferdsel og landbruksdrift i hekkeområdet er forbode før 5. juli, med mindre dette er særskilt avtalt med Fylkesmannen. Behov for vatning kan vere døme på dette. Vatning skal innrettast slik at det er minimal fare for å øydelegga egg og ungar.
- Funksjonsområdet kan endre seg i løpet av sesongen, etter at ungane er klekte. Fylkesmannen tar difor atterhald om at grensene for det økologiske funksjonsområdet kan bli justerte i slutten av mai, eller tidleg juni. Funksjonsområda vil normalt bli fastsett til om lag 20 daa for kvart hekkeområde.

Fylkesmannen sitt vedtak om utbetaling av tilskot kan påklagast innan 3 veker etter forvaltingslova sine reglar. Klagen sendast om Fylkesmannen med handsamast av Direktoratet for naturforvaltning.

.....

(Dato, navn eigar/bruker)

.....

Per Kristian Austbø  
ass. Fylkesmiljøvernssjef

*Søknad om dispensasjon frå forskrifta §4, andre og tredje ledd*

Dersom du ikkje vil nytte høvet til å søke om tilskot må du søke om dispensasjon frå forbodet mot t.d. slått før 5. juli etter forskrifta §8. Dersom du ikkje søker dispensasjon vil bestemmelsane om forbod i hekkeområdet for svarthalespove i forskrifta §4 gjelda.

Søknad kan sendast ved å fylle ut under:

Eg, (namn) ..... søker med dette om dispensasjon etter forskrifta om svarthalespove som prioritert art §8 frå forbodet i §4 mot slått av hekkeområdet før 5. juli. Søknaden gjeld hekkeområde på eigedom (gnr)..... i Klepp kommune som eg eig/leigar.

Grunngjeving for søknaden:

(  ) Utsett slått fører til vesentleg vanskeleggjing og vesentleg tap av grasproduksjon (sett kryss).

Dersom det er behov for utdjuping av søknaden eller anna grunngjeving kan det leggest ved.

.....  
(dato, navn)

Fylkesmannen vil handsame søknaden så snart som råd. Vi gjer merksam på at **uavhengig av dispensasjon frå §4 gjeld framleis forskrifta §3**. Det vil mellom anna seie at øydelegging av område umiddelbart rundt kjend førekomst av reir og ungar er forbode.

Vedlegg:       kart  
                  Forskrift om prioritering av svarthalespove